



SV har fiksa
billigare
barnehage
og auka bemanning!

SV har fiksa billigare barnehage for alle barn!

SV har fått gjennomslag for å gjere barnehagen billigare. Vi reduserer prisen med 800 kroner i månaden. Det er nesten 10.000 kroner i året. Kravet vårt var at han skulle bli gratis, men det ville ikkje Arbeidarpartiet. Småbarnsfamiliar betaler i dag 22.000 kroner i året for ein barnehageplass.

Mange har trong økonomi no. Bustad, mat og alt anna har vorte dyrare. Særleg gjeld dette barnefamiliar. Bleier, sko, klede for alle årstider, bilseter og mat er ikkje billig. Når alt blir dyrare og kvardagen blir tøffare for heilt vanlege lønsmottakarar, må politikarane ta grep for å sikre at kvardagen går opp. Derfor har SV prioritert å kutte utgiftene til barnefamiliane, og sikre at alle kan delta i fellesskapet.

Dei siste fire åra har SV hatt tøffe forhandlingar med regjeringa, og pressa gjennom fleire løft for barnefamiliane. I tillegg til rimelegare barnehage, fekk vi også gjennomslag for meir pengar til auka bemanning i barnehagane. Tidlegare har SV fått gjennom ei dobling av barnetrygda og sørgt for at SFO blir gratis for barn i 1.-3. klasse. Slik styrkjer vi og utvidar velferdsstaten.

Det er framleis mange kampar igjen. I ei tid der mange slit med rekningane, treng vi parti som sikrar at heilt vanlege folk får ein tryggare økonomi og litt færre ting å bekymre oss for. Eit sterkt SV på Stortinget gjer kvardagen betre for heilt vanlege folk. Ikkje dei rikaste.

Det betyr noko kven som bestemmer.

Sosialistisk Venstreparti

Møllergata 4, 0179 Oslo
21 93 33 00
post@sv.no
sv.no

Bli medlem i
SV her:

